

# LNK AVISA

NR 3 • 2006 • ÅRGANG 5

## Ut av ghettoen



Professor Frank Aarebroth gav nynorskrøsla nokre velformulerte spark bak då han adresserte Noregs Mållag i jubileumsåret. - Søk inspirasjon frå 100 år tilbake, så kan de kanskje feire om hundre år til, var oppmodinga han gav.

**Sjå side 9**



Foto: Jan Nordtveit

## Spring til jobben!



Ho ønskjer ikkje å omvende folk, i alle fall ikkje i tydinga å få bokmålsfolk til å bli nynorskingar. - Men eg vil gjerne misjonere for å få folk til å sykle og springe meir, før vi druknar i vår eigen eksos, seier Linda Eide.

**Sjå side 11**

## Open veg



Då Suleskarsvegen opna for seksten år sidan, låg det nesten i korta at han med tida skulle bli heilårsveg. Vegen er framleis berre open delar av året, men no meiner somme tida er moden for heilårferdsel. Ikkje alle er einig i det.

**Sjå side 6 og 7**

## Oppad og nedad veggjar

Kunst på hotellveggjar er ein god ide, meiner kunstnaren Oddvar Torsheim. Då kan ein både kvile kroppen og nyte kunsten, utan å ha "ein magister springande i helane".

Sunnfjord hotell i Førde har nettopp det: kunst på alle veggjar. - Me registrerer at fleire vel hotellet vårt nettopp på grunn av det kunsttilbodet me kan gje, meiner direktør

Odd Eriksen Gullaksen.

I restauranten har dei dessutan reservert eit eige bord til Oddvar Torsheim. Og kunstnaren er eit sjølv sagt val når hotellet snart skal dekorerast utvendig.

**Sjå side 12+13**

## Vil bli best på reiseliv

sjå side 5

**ABC Startside**

**Vi gjer nettet nyttigare!**

[www.startsida.no](http://www.startsida.no)

• ARE KALVØ • RAGNAR HOVLAND • ARTIKLAR  
 • PER OLAV KALDESTAD • OLA A. HEGGDAL •  
 BOKMELDINGAR • ARNT BIRKEDAL •  
 SYNNØVE MACODY LUND • NYHENDE •  
 JON PEDER VESTAD • BORGHILD  
 GRAMSTAD • RAGNFRID TROHAUG •  
 SYNSINGAR • MARIANNE MAGNUSSEN  
 • HANNA MARIA NILSEN •  
 FILMELDINGAR • ROALD KALDESTAD  
 • ANNA HELLEVANG • SKRIVEKLØE •  
 LARS MÆHLE • JON HJØRNEVIK •

[WWW.MAGASINETT.NO](http://WWW.MAGASINETT.NO)



Einaste intelligente  
 nynorske nettstaden  
 for ungdom



Informasjonsavis for  
Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar

Redaktør  
Einar Schibevaag

## Kva landet har råd til

To gardbrukarar som sat og kvilte seg like nedanfor Fritjovstatuen på Vangsnes fekk spørsmålet: Ville denne statuen som veg 14 000 tonn blitt bygd i dag? Nei, sa dei klokleg. I dag har me ikkje råd til noko. Før hadde me ikkje pengar, då blei det bygd infrastruktur. I dag har me pengar, men me kan ikkje nytta rikdommen til å gje nye generasjonar gode kommunikasjonar.

Partia på Stortinget må ikkje la seg blende av finansdepartementet og såkalla økonomieksperter sine teoriar. Deira teoriar er at dersom det blir sprøyta inn meir midlar til offentleg infrastruktur, går den norske økonomien av skaftet.

I ein periode med sterkt rentefall kunne ikkje staten bruke to tre ekstra milliardar av statsbudsjettet. Det ville øydeleggje norsk økonomi. Lite blei det sagt at i same periode frigjorde ein om lag 100 milliardar i privat økonomi som for alvor sette fart i økonomien.

Det landet vårt treng er eit skikkeleg løft på infrastruktursida. Ser me til Europa er det eventyrlege beløp som blir brukt til å byggja ein infrastruktur som vil gagna dei framtidige generasjonane på ein framifrå måte.


Kva vil barna våre seie dersom det er slik at me har sylta ned verdiane våre i banken og ikkje utvikla samfunnet dei skal ta over?

## Ein månad med ferie

Ein månad med ferie og det før ferien for alvor har teke til. Det fortalde ein skuleelev meg her om dagen. Han tenkte på den siste skulemånen før sommarferien. Og det blir stadfesta i fleire aviser denne våren. Det er eit alvorleg teikn at elevane seier dei kjedar seg på skulen i tida før sommarferien, mens lærarane hevdar dei ikkje greier å koma igjennom pensumet som skal formidlast.

Med kunnskapsløftet skal kommunestyra få langt større innverknad på utdanninga i den lokale skulen og barnehagen. Det må stillast krav, og dei folkevalde må påverka innhaldet slik at nye generasjonar får ei god og tilpassa utdanning. Ei utdanning som gir dei unge innsyn og kunnskap om den kulturen og tradisjonen bygdene er tufta på. Det er kanskje den beste næringspolitikken kommunane kan ha.

## Å UNNE ANDRE EIN VEG...



Leif Harald Forthun

For å skapa livskraftige bygder må det til gode vegar. Er me så ivrige etter alle slags støtteordningar og "tiltak" at me gløymer det grunnleggjande for verdiskapinga? Det viktigaste i distriktspolitikken er ålmennt å føre ein god næringspolitikk. Det vil seia at dei som vil drive næring og arbeide, må få lov til det! Det må setjast meir pris på arbeidsgjevarar og arbeidsfolk enn på kreistebukkane.

Norsk samferdselspolitikk har mange karakteristiske trekk. Eit av dei merkelegaste er å ikkje unne andre ein skikkeleg veg. Det er særleg på lokal- og regionalplan at denne tenkjinga gjev seg utslag. Somme lir av følgjande vrangforestilling: Dersom me skal få til noko på våre kantar, må me sørge for at ikkje grannefylka stikk av med pengane. Difor må me prate og skrive og sabotere alle prosjekt hos "konkurrentane" så godt me kan.

Frå mine år i samferdselskomiteen i Stortinget hugsar eg godt striden om stamvegen mellom Oslo og Bergen. Regjeringa Syse, med sunnfjordingen Lars Gunnar Lie gjekk inn for Rv 7 og Rv 50 frå Hol til Aurland. Ein annan sunnfjording i same stolen, Kjell Opseth, ville heller ha den lengre og dyrare stamvegen via Lærdal. Då høvde det å få med seg Opplandsbenken og spela på djupfølt lokalpatriotisme i Valdres, ikkje minst for å koma andre distrikt i førevegen.

Lærdalstunnelen vart fin, han, og statskassa tolte ekstrastøyten. Men kva med den brua Hardanger samstundes vart førespegla? Pytt, ikkje noko å bry seg med, då stamvegen likevel var vunne... For ikkje å nemne den jarnvegstunnelen på Ringerike som eit heilt parti vart lokka med.

Ei imponerende sjølvfinansiering i Hardanger viste at bygdefolket meinte alvor. I 1996 sto slaget på Stortinget. At SV'arane, som privat har to bilar pr.husstand, var mot, måtte ein rekne med; dei tenkjer meir på reinsdyr på Hardangervidda enn på verksemder og arbeidsfolk i Hardanger. Men at telemarkingane, som er kjende for sitt vidsyn, skulle utmerka seg med kollektivt trongsyn,

var verre. Ved å gå inn i røysteprotokollen den dagen i 1996, oppdaga me noko uvanleg trist: Den einaste benken frå noko fylke som samrøystes gjekk mot Hardangerbrua, var Telemarksbenken. Tenkja seg til: I staden for at heile distrikts-Noreg gledde seg over at det inneklemt Hardanger, med næringsøkonomisk stillstand og tendensar til forgubbing, skulle få ny giv med bru (og samstundes opne for eit betre nord-sørsamband på Vestlandet), så skulle det vera ei Telemark-sak å hindre dette! Nokon hadde innbilt desse representantane, at ved å setja kjeppar i hjulet for ny Hardangerbru (og Rv 7) ville E 134 og traséen over Haukeli lettare få pengar.

Er dette vegen å gå for folkevalde i bygde-Noreg? I staden for å førebu og fremja eigne vegsaker, finn ein på alt mogleg for å skremme med grannane: "Å, det er reinen... det er økonomien...det vert for lite trafikk...og blir det trafikk, så er det miljøet...og blir det bru, blæs ho ned..."

Eg minnst den kloke bonden Harald U.Lied, stortingsrepresentant frå Oppland. Ein aksjonskomite ville ha han med på å diskreditere Rv 7 gjennom Hallingdal til fordel for stamveg gjennom Valdres, hans eige valdistrikt. Han nekta, og med følgjande ord: "Det fører itte til no' godt å itte unne andre god vei."

Ja, la andre få byggja vegar og bruer og tunnelar der det tener næringsliv, busetnad og kultur. Arbeid så vidare med eigne gode prosjekt, gjer heimeleksa, så blir det veg og framgang i eige distrikt når tida er mogen. Krubba er ikkje konstant. Distrikta i bygde-Noreg må arbeide for ei større krubbe til veg og bane i staden for å bera seg åt som hund og katt.

Utgjevar:  
Landssamanslutninga av  
nynorsk-kommunar (LNK)

Redaksjon:  
Toyni Tobekk  
Magnus Stokka  
Ragnhild Margretha Taranger

Adresse til redaksjonen:  
LNK-Avisa  
Næringsbedet i Vatlandsvåg  
4235 Hebnæs

Telefon 52 79 04 80  
Telefaks 52 79 04 81  
E-postadresse:  
lnk-avisa@norsk-plan.no

Montering:  
Norsk Plan A/S -  
Astrid Eidhammer Hjelmealand  
Gerhard Stoltz

Trykk:  
Sunnhordland  
Opplag omlag 6000

Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og  
kan tingast hjå  
LNK, tlf. 22 33 14 00,  
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,  
eller lnk-avisa@norsk-plan.no

Pris kr 150 per år.

Utgjevingsplan  
1/9, 13/10, 7/12

Annonseprisar:  
1/1 side kr 17 000,-  
(248x360 mm)  
1/2 side kr 10 000,-  
(248x175 mm eller 124 x 360 mm)  
1/4 side kr 6 500,-  
(128x175 mm eller 57x360 mm)  
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.  
Tillegg for farge.

Annonsar blir å levera  
som pdf-fil til:  
bladstova@norsk-plan.no

### KRONIKKFORFATTAREN

HALLGRIM BERG

Formannskapsmedlem i Ål  
kommune



# Å KRYSSA EIN FJORD



## Å SLÅ EIN TUNNEL Å BYGGJA EIN VEG

Betre kommunikasjonar kan føre til den store skilnaden for kommune-Noreg

Kommunekreditt er kommunane sitt eige kompetansesenter, og aleine eller i lag med andre finansieringskjelder hjelper me til med finansiering av offentleg infrastruktur.

låneopptak • finansstrategiar • samansetning og styring av låneportefølje  
bankavtalar • formueforvaltning • selskapsorganisering •  
bompengefinansiering

---

## KOMMUNEKREDITT

---

Beddingen 8, 7410 Trondheim  
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)  
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81  
e-post: [post@kommunekreditt.no](mailto:post@kommunekreditt.no)  
[www.kommunekreditt.no](http://www.kommunekreditt.no)



Landssamanslutninga  
av nynorskkommunar (LNK)

Pilestredet 8  
0180 Oslo

www.lnk-nytt.no

lnk@online.no

Dagleg leiar:  
Vidar Høviskeland

Styret:

Jan Magne Dahle, leiar  
Astrid Myran Aarvik, nestleiar

Solfrid Borge  
Kjell G. Helland  
Rune Øygard

Varamedlemer:  
Nils R. Sandal  
Velaug Veum  
Oddvar Haugland

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk. LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemmene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:  
Bladet Sunnhordland  
KLP forsikring  
Hotell Bondeheimen  
Fjordline  
Kommunalbanken

# Høviske ord

I Soria Moria slår regjeringa fast at ho ønskjer å innføra ei kulturlov. Lova skal tydeleggjera det offentlege sitt ansvar på kulturfeltet. Regjeringspartia har seinare utdjupa tanken bak lova slik: "...å gi eit klart uttrykk for det ansvaret det offentlege har for å leggje til rette for at folket kan få tilgang til kulturopplevingar...å sikre eit mangfald av kulturaktivitetar over heile landet og å sikre alle tilgang til eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod." Dei tre partia har og argumentert med at ei kulturlov vil vera tenleg for å synleggjera den viktige rolla kulturen har i samfunnet og vil gi det kulturpolitiske feltet tyngd og status.

Dette høyrest musikalsk ut for ein gammal kulturbyråkrat. Dei siste åra har me, i nokre kommunar, sett ei systematisk nedbygging av det offentlege kulturapparatet, både politisk og administrativt. Kultur har mista eigne talsmenn, kulturstyre og hovudutval og drukna i haugar av skule- og næringsaker, etter meir og mindre velmeinande kommunale omorganiseringar.

Norske kommunar brukar i gjennomsnitt 4,3% av netto driftsutgifter på kultur. Dette tilsvarar om lag 1200 kroner per innbyggjar. Samstundes er det svært store skilje mellom kommunane på kulturområdet. Medan nokre kommunar tek mål av seg til å verta

europeske kulturbyar, finst det kommunar som heilt overlet til private eldsjeler og det lokale lagslivet å ta seg av den kulturelle utviklinga. Det er diverre ikkje forska nok på kva ulike kommunale modellar fører med seg for tenestetilbod og livskvalitet i lokalsamfunna. Tendensen er likevel klar: Dersom det berre er den lokale kulturentreprenøren og det lokale kunstlaget som skal styra kulturutviklinga, kan dette fort føra til dårleg kontinuitet og auka marknadspress.

Me har flust med lover på kulturområdet frå før. Biblioteklov, mållov, lov om kulturminnevern, plan og bygningslov er berre nokre av dei "kulturlovene" som grip inn i kvardagen vår. Skal ei ny lov ta mål av seg til å vera ei overordna superlov som samordnar dei respektive lovene som alt finst, eller treng me ei generell kulturlov som glir inn mellom dei andre lovtekstane me har på kulturfeltet?

Eg har tidlegare vore noko skeptisk til ei kulturlov i landet. Argumenta mine har mellom anna vore at ei slik lov kunne vera med på å einsetta ein sektor som til no har vore velsigna med stort mangfald og stor grad av lokal tilpassing. Etter å ha sett at det mangfaldet eg var så redd for skulle forsvinna, har forvitra gjennom usynleggjering og nedbemanning av

dei lokale kulturkontora, har eg skifta mening. Me treng ei kulturlov som sikrar innbyggjarane i kommunen minimumstilbod på kulturområdet. Me treng ei lov som sikrar at folkevalde organ i dei nye regionane våre, får eit overordna ansvar for regional kulturpolitikk. Samstundes må ei lov på dette området ikkje verta utforma slik at ho hindrar mangfald og skaparglede. For at kulturlova skal få autoritet og legitimitet i kommunane er det og viktig at det følgjer pengar med, dersom lova fører til nye oppgaver for kommunar og fylkeskommunar.



Vidar  
Høviskeland  
er dagleg leiar  
i LNK

## Notis

### Folketalet går ned i distrikta

(NPK): Sentraliseringa held fram. Auka urbanisering fører til auka flyttraum og færre innbyggjarar i distrikta. Særleg er nedgangen merkbar i Nord-Noreg.

I denne delen av landet har folketalet minka i heile 77 av 90 kommunar sidan 2000, skriv avisa Nationen, som har samanlikna tal frå Statistisk sentralbyrå i perioden.

I Sør-Noreg har det vore nedgang i folketalet i 168 kommunar, ein nedgang på 39 prosent, medan heile 85 prosent av kommunane i Nord-Noreg har hatt same utvikling. Fylkesoversikta viser at folketalet har auka i 15 fylke, medan tala på kommunenivå viser at dei urbane strøk har så stor vekst at det veg opp for nedgangen i resten av fylket.

Nordland er fylket der flest kommunar har hatt negativ utvikling i folketalet. 93 prosent, 42 av kommunane, har hatt nedgang i folketalet sidan 2000. (NPK)

### Lauvskog eit alternativ til gjengroing

(NPK): Planting av lauvskog er eit alternativ til gjengroing av kulturlandskapet, meiner forskar Inger Sundheim Fløistad ved Bioforsk Plantehelse. Lauvtreskog kan gje andre og meir lønsame bruksområde enn ved.

– Vi kan styre attgroinga slik at vi kan få noko igjen for ho. Planting og skjøtsel kostar, men om vi gjer dette riktig, kan vi få brukbart trevirke ut av det, seier Fløistad til Forskning.no. Ho har stor tru på produksjon av lauvtrevirke til møblar, panel, golv og anna interiør.

Fløistad arbeider med eit forskingsprosjekt i Farsund i Vest-Agder der det er gjort forsøk med planting av ulike lauvtreslag som valbjørkloner, svartor og hengjebjørk, og der det blir eksperimentert med ulike typar gjødsling for å få fram trevirke av best mogleg kvalitet. (NPK)



## Aksel Kloster

Aksel Kloster er gått bort, berre 57 år gamal. Kvinnberad og Sunnhordland har mista ein ruvande mann og eit politisk talent av dei sjeldne. Sjølv har eg mista ein ven og ein god rådgjevar. Aksel var lett å spørja og hadde svar på det meste. Han har vore ein solid støttespelar for LNK i mange samanhengar opp gjennom åra: alt frå å driva medlemsrekruttering til å vera festtalar. Med karakteristisk sjølvironi og avvæpande humor kunne han løysa opp dei mest fastlåste forhandlingar. Medan han sjølv helst ville vera på lag med dei svake, ville dei sterke oftast vera på lag med han – og slikt beng ikkje alltid i hop. Men med Aksel var dette naturleg. Han var rett og slett glad i menneske og likte å vera saman med andre.

Aksel Kloster har hatt mange politiske posisjonar: varaordførar, ordførar og politisk sekretær i Olje- og Energidepartementet, men mange vil nok først og fremst knyta namnet hans til Samarbeidsrådet for Sunnhordland, som han bygde opp frå grunnen av til eit av dei mest livskraftige regionråda i landet.

Aksel er borte – fred over minnet hans.

Vidar Høviskeland



Høgskulelektor Ståle Brandshaug og kollegaene ved Høgskulen i Sogn og Fjordane har mange idear omkring korleis reiseliv skal bli eit sterkt lokomotiv innafor utdanning

# Skal bli best på reiseliv!

**(NPK): Naturen i Fjord-Noreg verkar som ein magnet på turistar over heile verda. No skal naturen trekkje studentar til fjord- og fjellfylket. For Høgskulen i Sogn og Fjordane er målet å kunna gi blant dei mest attraktive reiselivsutdanningane i landet.**

AV ODDRUN MIDTBØ, NPK

- I løpet av nokre få år skal vi ha dobla studenttalet. I dag er det rundt 25-30 studentar, seier høgskulelektor Ståle Brandshaug ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Han veit det er eit ambisiøst mål. Men etter fleire år «ute i verda», sist som direktør i Destinasjon Stavanger, ser han at reiselivsstudiet har eit stort potensial ved å bruke naturen og å satse på samarbeid med ulike aktørar.

- Stavanger og Lillehammer er store på sine område; hotelladministrasjon og leiging av bedrifter og reisemål, vi skal bli størst på opplevingsturisme og reiselivsmarknadsføring.

#### I HJARTA AV FJORD-NOREG

- Vi ligg midt i hjarta av Fjord-Norge og har mektig natur med attraksjonar som Jostedalsbreen, Nærøyfjorden, Jo-

tunheimen og Flåmsbana i nærområdet. Det er heller ikkje langt til Bergen eller Hallingdal, som representerer ein annan type turisme, seier Brandshaug.

- Vi skal bruke naturen og reiselivsnæringa som plattform for å skape eit av dei mest attraktive reiselivsstudia i landet.

#### MEIR ENN NATUR

Fagmiljøet på høgskulen veit det ikkje er nok berre å lene seg mot naturen. Fram til i dag har økonomi- og administrasjonsfag fått mest plass på studieplanen, men ved studiestart i 2006 vil reiselivsfaga dominere. I siste halvdel av studiet får studentane velje mellom to spesialiserte reiselivsfaglege retningar; opplevingsturisme og marknadsføring.

Studentane kan siste året velje praksisplass eller ta eit semester på eit universitet ein eller annan stad i Europa. Arbeidet med å finne ein mogleg samarbeidspartnar er i gang. Høgskulen skal utvikla tett samarbeid med reiselivsnæringa, slik at bedrifter og skulen kan dra nytte av oppdatert kunnskap i form av mellom anna prosjektoppgåver, gjesteforelesingar og studentar i traineestillingar.

#### VERDAS BESTE

Geoturisme er på frammarsj innafor reiselivsbransjen og er midt i blinken

for dei store urørte naturområda i fjordfylket. Dei norske fjordane vart av National Geographic Traveller kåra til verdas beste urørte reisemål.

- Reiselivslinja vil samarbeide tett med andre fagmiljø på skulen; idrett- og friluftsliv, språk og naturfag med deira kunnskap om natur- og kultur, seier Brandshaug.

Satsinga fører til nær ei dobling av faglærarar gjennom eksterne forelesarar. Høgskulen skal også samarbeide tettare med Vestlandsforskning, mellom anna om ei forskingsleiarstilling innafor reiseliv.

- Alle desse tiltaka blir ein styrke for heile miljøet, seier høgskulelektor Brandshaug. Han er spent på responsen blant potensielle studentar. I desse dagar arbeider dei intenst for å nå ut med tilbodet til dei ettertrakta ungdommane. (NPK)

## Notis

### Ny strandlov kan bli forseinka

(NPK): Miljøvernminister Helen Bjørnøy (SV) ønskjer å leggje fram forslag til ny og strengare lov om bygging i strandsona før ferien, men usemje i regjeringa kan føre til at heile forslaget blir utsett.

Ei kraftig innskjerping av reglane for å byggje innanfor 100-metersbeltet i strandsona har vore ei viktig symbol- og miljøsak for SV i den raudgrøne regjeringa. Likeeins har det vorte eit prestisjeprosjekt for miljøvernminister Helen Bjørnøy.

Alt kort tid etter at ho overtok miljøverndepartementet kunngjorde ho at ho ville gjere det vanskelegare å få dispensasjon for å byggje i slike område. Ho varsla samtidig nye, kraftige virkemiddel for å sikre ålmenta tilgang til naturområda ved kysten.

Eit forslag til endring i plan- og bygningslova har vore på intern høyring i departementa, og Kommunal Rapport skriv at planen i utgangspunktet var å leggje fram eit forslag for Stortinget rundt 10. juni. Det er intern usemje mellom SV og Senterpartiet som er skuld i utsetjinga.

Difor tyder mykje på at tidsplanen sprekk. Ifølgje miljøvernministerens politiske rådgivar Morten Wasstøl (SV) er det framleis uklart når lovforslaget kan leggjast fram.

- Regjeringa jobbar med forslaget, men har enno ikkje konkludert. Det er derfor for tidleg å seie når det kan leggjast fram for Stortinget, seier han. (NPK)

**ABC**  
**Startsida**

Vel [www.startsida.no](http://www.startsida.no) som di nye startside. Meir info her:

[www.startsida.no/egen](http://www.startsida.no/egen)

# Å kryssa

**Suleskarvegen strekkjer seg frå Rogaland i vest, over fjella gjennom Agder-fylka og vidare inn i Telemark. Frå fjord til fjell, frå bymiljø til rotekte kultur. Her kan du få med deg det store mangfaldet av norsk natur.**

EINAR SCHIBEVAAG

*Eit nytt samfunn er i ferd med å bli etablert. Om lag 1 000 hyttetotomter er under planlegging i Brokke. Mange er alt bygde på og alle har det felles at du kan bu i dei beile året. Å plassera hyttene fint inn i terrenget er viktig, fortel Øyvind Jakob (t.v.) til ordførar i Valle, Steinar Kyrvestad. I felta er det lagt vekt på at bygningane skal ha ei tradisjonell utforming og at vegetasjonen har ein naturleg plass med grøne fellesområde.*



Den tidlegare høgrekjempen Arne Rettedal, som mellom anna var fylkesordførar i Rogaland, opna Suleskardsvegen i 1990. Det ville ikkje ta lang tid for denne vegen ville verta den snøggaste heilårsvegen mellom Sør-Rogaland og austlandet.

17 millionar kroner skulle vegen kosta og sluttrekninga blei på 91. Mange hevdar at hadde ein visst dette då arbeidet blei sett i gong ville vegen aldri kome.

Rettedal har så langt ikkje fått rett i spådomen om heilårsveg, men i sommarhalvåret passerar om lag 1000 bilar denne vegstrekninga per døgn på det meste. Ei viktig grunngeving for vinterstenging er at vegen går gjennom eit landskapsvernområde.

#### GULLVEGEN

Vegen har betydd mykje for Setesdal, meiner Hallvard Kjelleberg som driv Valle Motell.

- Då vegen kom, omtalte me den som gullvegen.

Reiselivet opplevde tidlegare eksplosjon i skuleferien i Setesdal fortel han. Etter vegen kom blei sesongen utvida monaleg. Sjølv opplevde han ei dobling av omsetninga etter vegen blei opna.

#### VIL HA HEILÅRSVEG

Erfaringane viser at svært mange nyttar vegen i tida den er open. Dette har betydd mykje for den reiselivssatsinga generelt i dalføret og Kjelleberg trur at ein heilårsveg vil bety ei ytterlegare vekst.

I Brokke, som ligg ved innfarten til Suleskardsvegen frå aust er ei storstilt utbygging av hytter i gang. Det er ein plan for bygging av inntil 1000 hytter. Og mange som no har fått hytte her held til i vest. Kjelleberg trur at det frå dette haldet og vil bli eit stort press for å opna vegen tidlegare og gjerne ha den open heile året.

## Suleskarvegen - viktig for Sør-Noreg



**Sidan 1998 har dei seks kommunane langs RV 45 samarbeid om å marknadsføre Suleskardsvegen.**

EINAR SCHIBEVAAG

Prosjektleiari Hilde Voldsund fortel at dei fire fjellkommunane og dei to fjordkommunane fordelt på fire fylke samarbeida godt om Suleskardvegprosjektet.

- Og samhaldet og resultatene av arbeidet blir lagt merke til, seier ho.

Reiselivsregionane i Telemark, Rogaland og Agderfylka yndar å bruka Suleskardsvegen i si marknadsføring når eigen region skal marknadsførast.

- Og du veit, det likar me godt, for då kjem fleire og nyttar tilboda våre.

Og Suleskardsvegen marknadsfører vegen både regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Ei viktig satsing no er å marknadsføre ruta som ein framifrå veg for ei ny målgruppe: motorsyklistar.

- Å sjå landskapa våre frå sykkelsetet er ei spennande reise som mange no oppdagar. Ulike fagblad for dei som nyttar dette transportmiddelet syner denne interessa i stor mon.

Kvart år blir det gjort trafikktejingar og dei viser at trafikken aukar og at fleire no tar avstikkaren til Lysebotn. Av dei opp mot 1 000 som kryssar Suleskardsvegen kvar dag er det om lag 150 som tek turen ned dei 27 slyngene til Lysefjorden.

- Nokre reiser ut med båt mens andre reiser tilbake og tek landevegen mot Rogaland eller austover.

*I 1984 fekk Lysebotn veg frå Sirdal i sommarhalvåret. Tidlegare var det berre fjorden som var vegen inn og ut. I dag er Lysebotn blitt eit ynda reisemål for mellom anna falskjermhopparar som nyttar Kjerag som utgangspunkt for sine stunt.*



I 1990 opna fylkesordførar Arne Rittedal vegen. Han trudde det ikkje vil gå lang tid før vegen var heilårsveg. Så langt har han ikkje fått rett.

# Delte syn på heilårsveg

**Det er sprikande interesser for å få ein heilårsveg mellom Setesdal og Sirdal. Vegen går gjennom eit landskapsvernområde og dei folkevalde er delte i synet om ein skal arbeide for ein veg som er open heile året.**

EINAR SCHIBEVAAG

Vegen har ført til meir samhandling vestover, fortel leiari av Setesdal regionråd, Arne Trondsen. Bliir vegen heilårsopen trur han dette samkvemet vil bli utvikla vidare.

- Og me bør ikkje gløyma at det var vestover Setesdølen reiste i tidlegare tider. Då var Stavangerregionen mykje nærare enn Agder, der me i dag har vår regionale fylkes- og statsforvaltning.

Han minner oss om at det var planar om jernbane mellom Telemark og Stavanger som ville krysse Setesdal i Valle.

Sigvald Bergesen hadde planane klare og arbeidet tok til. Banen kom aldri lenger enn til Ålgård, diverre, seier Trondsen.

## 11 MIL KORTARE

Det er klart at trafikken frå vest mot aust aukar voldsamt sommarstid. Det er ei flott reiserute med variert kulturlandskap. Og reiseavstanden er faktisk 110 kilometer kortare enn om du reiser om Sørlandet.

Det er gjort kartleggingar av trafikken og det viser seg at i tillegg til å nytta reiseruta, nyttar og svært mange seg av dei tilboda som reiselivet byr på langs riksvegen. Trondsen ser behov for å gjera nye analyser av reisemønstra for å få fram ny kunnskap som kan nyttast til å få endå meir ut av trafikken langs RV 45.

- Korleis kan me nytta den til å skape vekst for regionen. Så langt har me ikkje kome, men det bør gjerast.

Det er fleire forhold som lokalsamfunna ikkje har sett når dei har planlagt utvik-

linga i Setesdal. Det er stor aktivitet i entreprenørsektoren. Men det er få som er involvert i bransjen. Det grunnar seg nok i første rekkje i at tilboda til unge for å få ei utdanning til arbeid i denne sektoren er for svakt.

- Det fører til at kvar måndag morgon reiser ei stor kolonne med handverksbilar frå Kristiansandsområdet til Setesdal for å byggje opp den infrastrukturen reiselivet no etterspør.

Dette er ikkje noko sermerke for Setesdal trur han. Evne til å sjå korleis lokalsamfunnet endrar seg, og så ta konsekvensen av det når planar blir lagt for utviklinga framover er mangelvare.

- Dei unge frå dalen utdannar seg i dag i stor mon til arbeid utanfor lokalsamfunna våre og ikkje til å oppgåver det er stor etterspurnad etter lokalt.

## Fakta

### Fire fylke og seks kommunar.

Reisa langs Riksveg 45, Suleskarvegen frå Ålgård til Høydalsmo tek deg gjennom fire fylke og seks kommunar. Gjesdal og Forsand kommunar i Rogaland. Sirdal i Vest Agder. Bykle og Valle i Aust-Agder og Tokke i Telemark.

Køyrer du denne vegen er reisa mellom Oslo og Stavanger 11 mil kortare enn om du reiser langs Sørlandet.

# OOPS, JEG TRYKKET VISST "SVAR ALLE"-EPOKEN ER OVER.



## Microsoft® Office har utviklet seg. Har du?

Arbeidsmetodene våre har forandret seg. I dag finnes informasjon overalt. Med siste versjon av Microsoft Office kan du bestemme hvem som skal ha tilgang til informasjonen. Du kan enkelt sette begrensninger for hvem som kan skrive ut, kopiere eller videreføre sensitive dokumenter og e-post. Det er på tide at du også utvikler dine arbeidsmetoder. Finn ut hvordan på [www.microsoft.no/office/evolve](http://www.microsoft.no/office/evolve)

Vi bruker fremdeles Office 2000.

Ikke rart vi føler oss utdatert.



Microsoft®  
**Office**

**Microsoft®**  
Dine muligheter. Vår inspirasjon.™



# Kvinne ved NM roret



Hege Myklebust har erfaring frå aktivt arbeid i målrørsla gjennom mange år. (Bilete: NTK)

**Hege Myklebust (36) frå Stord er vald til ny leiar i hundreårsjubiletten Noregs Mållag.**

EINAR SCHIBEVAAG

Det viktigaste blir å få nynorsken inn i skulen alt på barnesteget, dette vil gje både betre kunnskapar i og haldningar til nynorsk meiner Hege Myklebust, nyvald leiar i Noregs Mållag.

Ho er oppteken av å styrke nynorsken både i skulen og i resten av samfunnet.  
- Hundreårsjubileet skal me bruke til å få fram at nynorsken har ein sjølvsgd plass i Noreg, og

framleis vil ha det dei neste 100 åra, seier Hege Myklebust.

Hege Myklebust arbeider som høgskulelektor ved Høgskolen Stord/Haugesund, og har brei politisk erfaring frå målrørsla. Ho har vore dagleg leiar i både Norsk Målungdom og Noregs Mållag, og var styremedlem i Noregs Mållag frå 1998 til 2000. Ho var generalsekretær i Nei til EU frå 1998 til 2001.

Med seg i styret får ho:

Ny nestleiar er Åsmund Lien frå Os i Hordaland.

Morten Søberg Oslo

Berit Rekve (Oslo)

Unn Røyneland (Oslo)

## Nynorskghetto?

**– Jamstillingsvedtaket, obligatorisk folkerøysting i skulekrinsane og 25% vedtaket i Kringkastingslova, slikt er bra for folk som allereie er nynorskfolk. Men vinn ein nye hjarte med juss?**

TOYNI TOBEKK

Professor Frank Aarebrot helste nyss Noregs Mållag til lykke med 100-årsjubileet med denne utfordringa, og oppmoda samstundes til å finne inspirasjon for framtida - i fortida.

### BOKBÅL I 2005

I sitt innlegg søkte Aarebrot å finne ut korleis nynorsken har greidd å opparbeide seg så stor motstand at skuleelvar anno 2005 brenn bokbål med nynorskboke og at Oslo kommune frittek elevlar frå sidemålsundervisning.

### SJÅ TIL HELLAS

For å setje det i perspektiv, samanlikna Aarebrot strida mellom nynorsk og bokmål med ei tilsvarende språkstrid i Hellas. Frå gammalt av var der to målformer: katarevus og dimotiki. Det første var høgresida sitt språk, medan dimotikien hadde sine støttespelarar på venstresida i politikken.

Dimotikien vart samla frå somme distrikt i Hellas, på same måte som nynorsken. Organisasjonane rundt målforma rekrutterte frå borgarskapet i storbyane. Sidan utvida rørsla seg til å femne breiare lag av befolkninga.

### INTEGRERT I DET ETABLERTE


Så langt meiner Aarebrot at dimotikirørsla og nynorskrørsla har hatt det same utgangspunktet. Skilnaden hevdar han ligg i korleis ein i Hellas valde å la dimotikien bli ein del av dei etablerte

kulturinstitusjonane og media, i staden for å etablere eigne institusjonar. Standardisering vart og ansett som viktig for dimotiki-språket, noko nynorskrørsla har vald å fjerne seg frå.

- Medan Hellas har greidd å gjere språksaka politisk, har ho her til lands heller fått ei juridisk tilnærming, hevdar Aarebrot. - I Hellas programfestar politiske parti dimotikien.

- Er nynorskrørsla ei rørsla på defensiven, spør han vidare, og kastar fram tankar som at språkleg diskriminering av forfattarar kanskje bør forby, like gjerne som at ein har eigne nynorskforlag.

- Eller at nynorsk- og bokmålsaviser kanskje ikkje er det beste skal ein bevare to skriftformer her i landet i hundre år til.



- Er nynorskrørsla på defensiven undrast Frank Aarebrot (Foto: Einar Schibevaag)



Når lokale krefter dreg i lag med internasjonale stjerner, blir det bra, er erfaringa frå Opera Nordfjord

## Opera er folkekultur

**På Nordfjordeid i Sogn og Fjordane bryr dei seg ikkje om stengetider når dei skal lage opera. Dei tar skylappane på og durar i veg.**

RAGNHILD MARGRETHA TARANGER

I 1998 blei «Flaggermusen» av Johan Strauss sett opp i Nordfjord. Eit prosjekt som mange var kritiske til, blei ein suksess, og dei fire framsyningane var utselde.

- Der beviste vi at opera ikkje er nokre fine greier for fine folk, men tvert i mot folkekultur, sa operasjef Kari Standal Pavelich under konferansen «Når språk blir makt» 20.- 23. april. Etter den første produksjonen, som hadde involvert eit stort tal frivillige, hadde verken Pavelich eller alle dei frivillige som hadde vore med, lyst til å late det bli med det.

### EIN I ÅRET

Det blei «La Traviata» året etter, med 6 framsyningar. Sidan har operaen sett opp ein produksjon i året. I år set dei opp «Eugene Onegin» av Tsjaikovsky, som i tillegg til premieren 18. oktober, blir vist sju gonger.

Opera Nordfjord er mogleg ved hjelp av eit omfattande dugnadsapparat som kan snekre, sy, sminke osv. Etter kvart har dei bygd seg opp eit flott kostymelager, og folk i Nordfjord er stolte av operaen sin.

### FOLK ELSKAR OPERA

- Plutselig er folk interesserte i opera, og dei har ein kjennskap til det, som gjer at dei oppsøker opera også når dei er på reise andre stader.

Operaen har eit eige operakor der psykiatrar, hjelpepleiarar og brannmenn syng i lag. Det har til og med vore aktuelt for folk å flytte til Nordfjord fordi dei har eit operakor der, fortalde Standal Pavelich stolt.

Det har også vore satsa på å dra med barn og ungdom i produksjonane. Barnekor, dansegrupper, videregående skular og ballettskule har vore med i fleire produksjonar.

### NOREGS EINASTE LIVKJOLEFABRIKK

Rekvisittane blir henta frå lokalmiljøet. Bestefar sin gamle stol kjem plutselig til nytte, ei sitronflaske blir gullmala og vips har ein eit septer av ekte gull. Det er heller ikkje noko ulempe å ha Noregs einaste livkjolefabrikk i nabolaget når ein skal lage opera.

Men sjølv om mykje blir gjort på dugnad, er det kunstnarlege nivået høgt, og det har heile tida blir satsa på kvalitet. Det vert henta inn stjerner frå Metropolitan i New York og La Scala i Milano, profesjonelle musikarar, scenografar og designarar.

Det set publikum pris på, og songarane står i kø for å få vere med, fortel operasjefen.

### IKKJE LOV Å SUTRE

Standal Pavelich si oppskrift for å få det til, oppsummerte ho slik: - Det er ikkje lov til å sutre, vi skal fikse alt. Stengetider er ikkje noko hindring for ei bygd som Nordfjord.

### TA PÅ SKYLAPPANE OG DUR I VEG

Dessutan har ho i operaarbeidet hatt nytte av å ta på seg skylappane og berre dure i veg, og ikkje ta hensyn til velmei-

ninge råd om å ta det litt med ro. Slik har Opera Nordfjord blitt eit fyrtårnprosjekt som både fylket og Eid Kommune er stolte av og viser fram så snart dei får høve.

# Snakkar søppel

**Eit renovasjonsselskap som får målprisar er ikkje daglegdags. Men i Sunnhordland er informasjon alfa og omega, sjølv når søpla skal tømast.**

TOYNI TOBEKK

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM) er eit IKS som femner sju kommunar og syter for renovasjon for 55 000 innbyggjarar. I følgje dagleg leiar Terje Gilje er det heilt naudsynt å snakke høgt og tydeleg, skal ein nå ut til alle abonnentane sine.

– For å få fornøgdte kundar må kundane kjenne til tenestene våre. Med god kunnskap får kundane dei rette forventningane.

#### SNAKKAR MED BRUKARANE

Som ein del av arbeidet i å gi kundane desse rette forventningane, har SIM laga ei sørviserklæring som mellom anna gir kundane høve til å klage. Selskapet gir og ut eit nyhendeblad fire gonger i året og har nettsider dei sjølve set store krav til.

– Det handlar om informasjon, om å vere synleg, meiner Terje Gilje. – Me

må kommunisere med brukarane våre.

#### RINGJER HEIM

Som døme fortel han korleis søppelkøyrarane handterer ubrøyta vinterveggar.

– Veit me at det ikkje er brøyta fram til enkelte hus om morgonen når søpla skal hentast, ringjer me abonnenten og gjev beskjed om at me kjem så fort brøytebilen har vore der. Slikt set folk pris på.

#### DUNKEN RETTE VEGEN

Samstundes set selskapet krav til kundane sine.

– Me har klåre rutinar på kva dagar folk skal setje ut dunkane sine og korleis dunken skal stå for at tømninga skal gå raskt og greitt.

Måten SIM driv informasjonsarbeidet sitt på har opp gjennom åra gitt tydelege resultat i form av målprisar frå Stord, Kvinnherad og LNK.

SIM har per i dag fjorten tilsette. I tillegg finst det eit dotterselskap med femten tilsette, og eit dotterselskap av det igjen med 30 tilsette. Reknar ein med både fastbuande og hyttefolk, er det over 70 000 abonnentar til renovasjonstjenestene.



Med over 70 000 abonnentar å tene, stiller SIM krav om god søppelhandtering – både til seg sjølve og til publikum.

#### ULIK AVGIFT

Med sju kommunar (Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes) å tene, er det utfordrande å finne løysingar som verkar tenlege for dei fleste. Renovasjonsutgiftene er mellom det som er ulikt i dei sju kommunane. – Det er ikkje SIM som

bestemmer renovasjonsavgiftene i kommunane, seier Gilje. – Me krev same avgift av alle kommunane inn til oss, men kommunane vel sjølve kva dei krevje av sine innbyggjarar. Selskapet er no inne i sitt sekstende driftsår.

## Fire på Nordsjøkonferansen 06

### 1. Kva har du fått ut av Nordsjøkonferansen?

### 2. Korleis er din kommune på informasjonsarbeid?

**Siri Klokkestuen,**  
varaordførar (Ap), Etne

1. Det har vore veldig nyttig å få sett fokus på kommunane på denne måten, og det har komme mange gode innspel. Innlegga har gitt mykje til ettertanke, og så er det ei skjønnt blanding av folk her.

2. I periodar har me brukt mykje tid på informasjonsarbeidet vårt, spesielt på heimesidene våre. Me må ha fokus på det heile tida og få alle i kommunen til å vere aktive.



etne.kommune.no

**Laila Røneid,**  
infomedarbeid. Årdal

1. Det er greitt å få belyst fleire ulike tema. Å møte andre og hauste av deira erfaringar er og nyttig.

2. Hjå oss funkar det greitt, men me kan bli betre. Me var ein av dei første kommunane på nettet. På heimesidene våre har me infostafett kor kvart tenestemråde får kvar sin månad til å legge ut ting dei driv med på nettet. Me gjer dessutan ut eit infobladd nokre gongar i året.



ardal.kommune.no

**Anna Avdem,**  
varaordf. Lærdal

1. Bra å bli mint på kor viktig informasjon er i den kommunale kvardagen. Samstundes har me fått høve til å treffe folk og drive litt nettverksbygging.

2. Nettsidene våre er rimeleg bra, og så har me eit bygdeblad som blir lest av alle. Me bør kanskje bli meir bevisste på kva me formidlar, at me informerar om det folk treng vite noko om.



laerdal.kommune.no

**Rune Øygard,**  
ordførar Vågå

1. Innlegga me har høyrte har vore interessante i forhold til vårt eige arbeid. Det er dessutan sosialt og fagleg godt å treffast på tvers av landsdelsgrenser.

2. Me har vore nokså bevisste på kommunal informasjon. Me var tidleg ute på nett, og me har ein tilsett som jobbar med web. Til no har me kanskje vore mest opptekne av kva me skal informere om, og ikkje så mykje korleis me bruker språket.



vaga.kommune.no

# Mosjonsmisjon

**Journalisten og humoristen Linda Eide er voldsomt opp-  
teken av byplanlegging, og  
misjonerer for nyttesprin-  
ginga.**

RAGNHILD MARGRETHA TARANGER

Hjertesaka til Linda Eide er ikkje nynorsk, om nokon skulle tru det. Det er heller ikkje homokamp, sjølv om ho tilhøyrer både den nynorskskrivande og den lesbiske minoriteten.

Neida, minoriteten den kvikke vossingen gjer seg til talskvinne for i dag, er dei som ikkje har bil. - Og vi må bli fleire, er bodskapen hennar, når Neste Klikk treffer Eide på båten mellom Bergen og Newcastle.

- Eg er ikkje interessert i å misjonere for å få folk til å gå over frå bokmål til nynorsk, eller frå hetero til homo, om du skjønar, men å få folk til å gå over frå bil til sykkel, det må eg berre prøve å misjonere litt for før vi druknar i vår eigen eksos.

Vi er på båten frå Bergen til England. Eit døgn fram, eit tilbake og eit i England. Mykje tid til drikking, eting og shopping. Og eit hav av drivstoff blir brukt på at vi skal halde

oss i ro på hotellbåten, shoppe, etc, drikke og ikkje stikke av. Du kan kanskje stikke av frå Englandsbåten og freiste lukka på ei platform? Men livbåtane freistar ikkje, vi let det vere, og set oss til å snakke om verdas elendighet i staden. - Verda går til helvete, seier Linda Eide. - Kva skal vi gjere med det? I motsetnad til mange andre pessimistar, har ho ei enkel løysing på fleire verdsproblem på ein gong. Og i motsetnad til mange andre som meiner noko om korleis vi skal redde verda, gjer ho slik ho meiner ein skal gjere.



Linda Eide er klar til start, og oppfordrar fleire til å nyttespringe. (Foto: Ragnbild Margretha Taranger)

#### SPRING TIL JOBBEN

- Det løyser sjølv sagt ikkje alle globale problem, det kan berre internasjonal storpolitikk gjera til sjuande og sist. Men dei tre store problema i den vestlege verda, trafikkavikling, forureining

og livsstilssjukdommar kan ein langt på veg avskaffa med nyttesykling og nyttespringing!

Linda Eide sykklar eller spring til NRK-jobben på Minde i Bergen kvar dag. For å kome dit frå Nygårdsgata der ho bur, må ho over Danmarks plass, eit trafikkknutepunkt i Noregs nest største by.

- Det er med livet som innsats at ein sykklar til jobben i Bergen. Det følest i alle fall slik. Syklistar er ikkje rekna med som trafikkantar, difor er det heller ikke laga plass til sykling.

#### SMÅSTEIN I MUNNEN

Og det i ein av dei mest forurensa byane i Noreg, der folk blir fraråda å gå ut enkelte dagar i året fordi lufta er full av eksos.

- Ein får småstein i munnen av å sykle gjennom Bergen, seier ho opprørt, og planlegg å få seg eit skilt bakpå sykkelkelen:

«Eg sykklar for at dine ungar skal få puste»

- Vi er istand til å transportere oss sjølve ved hjelp av oss sjølve. Det er miljøvennleg, plass-sparande og billeg. Kvifor køyrer då folk på bygdene under ein halv kilometer for å kjøpe ein liter mjølk eller å gå på fotballtrening? Helse

direktoratet har jo sagt at alt det nordmenn trenar, vert slukt av alt det me sit stille. Så når alle køyrer bil til SATS går vinninga opp i spinninga. Ein kunne faktisk berre ha sykla til SATS, snudd i døra og sykla heim igjen.

#### SJÅ TIL KENYA

- Kvifor trur du dei beste løparane i verda kjem frå Kenya, Tanzania og Etiopia? Det er fordi dei er vane med å springe, til dømes til skulen. Det er gjerne langt til skulen, og det går fortare å springe enn å gå. Dei gjer det for å kome raske fram, utan tanke for helsegevinsten, som dei får som ein bonus.

- I Bergen køyrer foreldra barna til skulen, fordi lufta er så forureina at det ikkje er bra for dei å gå. Men det er jo dei sjølve som skapar denne forureininga, nettopp ved å køyre barna til skulen! Og slik blir barna i dårleg form, endå dei blir køyrde til trening om ettermid-



Ivar Aasen var heilt sikkert i knallgod form, seier Linda Eide medan ho tøyer ut (Foto: Ragnbild Margretha Taranger)

dagen.

#### NYTTESPRINGING

Nyttespringing kallar ho det, når ein spring i stadenfor å gå for å kome fortare fram til eit mål, som jobben eller noko anna. Og viss nyttespringinga og transportsyklinga hadde fått betre kår, hadde det løyst fleire samfunnsproblem på ein gong, meiner Eide.

- Viss fleire hadde byrja å transportere seg sjølv ved hjelp av seg sjølv, hadde vi løyst trafikkproblemet, helseproblemet og miljøproblemet.

#### SLEPP NYNORSKEN TIL

Sjølv sagt er ho opptatt av nynorsken og, sjølv om han blir liten og ubetydeleg når vi altså druknar i eksos. Ho vegra seg lenge mot å vere aktiv i målrørsla, ho ville vere ein journalist, ikkje ein nynorsk journalist. Og ho hadde slett ikkje tenkt over at det kunne vere noko problem at det var nynorsk som var

språket hennar før ho byrja på journalisthøgskulen rett etter gymnasen.

- Eg hadde praksis i Østlandssendingen. Der opplevde eg at dei fekk heilt sjokk då dei fann ut at eg ville snakke slik eg snakkar. Då fekk eg og sjokk, og framleis synest eg det er heilt utruleg kor redde dei som snakkar om openheit og ytringsfridom er for nynorsken. Trur dei at nynorsken skal kome til å ta over viss han får sleppe til litt meir? Eller trur dei at lesarane ikkje vil klare å lese nynorsk? Det er berre tøv, synest Linda Eide.

#### FELLES IKON

Det viser seg at nynorsken og nyttespringinga har eit felles førebilete.

- Sjå på Ivar Aasen, han kan vere eit førebilete for nyttespringingrørsla. Ivar Aasen var heilt sikkert i knallgod form. Han gjekk og gjekk heile landet rundt og samla inn ord, uten å tenkje på at

## KURS- OG KONFERANSEHOTELLET!

Sentralt plassert blant alle Nynorsk-kommunar i Sør-Noreg!

#### Nytt SPA åpner april 2006!

8 suiter - alle med unik innredning! 101 hotellrom! 15 familierom. 2 rom med dør mellom.

Heile 4 kurs- og møterom med kapasitet frå 2 til 200 personar!

LNK-landstinget  
gav terningkast 6 på  
mattilbodet vårt!



www.rauland.no

Telefon: 35 06 31 00 - Telefaks: 35 07 35 77  
E-post: reservations.rauland@rezidorparkinn.com

**park inn**  
REZIDOR SAS  
Rauland Høgfjellshotell

Mellom betongklossane i byen Førde ligg den største turistattraksjonen i kommunen, Sunnfjord hotell.

Eit faktum sunnfjordingen Oddvar Torsheim er viss på.



# FØRDE

## – ikkje London, men ein god begynnelse...

Hotellet er i dag å sjå på som ei permanent kunstutstilling der mange kjende kunstnarar med sterke band til fylket er utstilt.

- Til og med bergensarar hevdar dette, seier Oddvar Torsheim som er utstilt i hotellet.

Vel 11 000 innbyggjarar tel kommunen i dag. Den vesle bygdebyen har vore gjennom ein eventyrlig vekst, og har dei siste tretti åra dobla folketalet sitt. Den litt usamhengande utbygginga fortel om ein rask vekst. Ein prærie der handelen går livleg.

### IKKJE TORV TIL ALLE

Det er Førde si historie. Alle kan ikkje bu på Maihaugen, meiner Torsheim. Eller i Lom med torv på taket. Førde er komen for å bli, og byen fortel ein historie som vil bli meir og meir spennande med åra.

- Førde er førebels ikkje London, men det er ei god byrjing.

Torsheim er ein av mange kunstnarar som har teke plass i hotellet sine mange lokale. Han meiner det er flott at kunstnarar som han får oppleve at arbeidet han gjer blir sett pris på.

- Og det før ein er daud.

Denne fargerike kunstnaren har vore ein flittig gjest i hotellet. Heilt sidan han kom tilbake til Sunnfjord tidleg på 70-talet har gjestingar i hotellet i dag ført til at han no har sitt eige bord i restauranten. Reservert for han, med nokre personlege rekvisittar på ei hylle like ved.

### UT MED WHISKY

Whiskyen er bytt ut med te, og han har opptil tre turar til hotellet kvar dag. Han skriv, førebur bilete og drikk te. Det er ikkje fritt for at det er mange som snakkar til han der han ofte sit sentralt til i resepsjonen. Han likar det, å vise eigen og andre sin kunst.

- Eg blir jo "tvinga" til å fortelje.

Han er ein tydelig kunstnar. Han har ein bodskap, ein bodskap som blir formidla med humor og alvor. Blokka hans er alltid i den karakteristiske veska hans. Bileta tar form i det skriftlege før han for alvor set i gong.

### KLATTANE MÅ SITJA

Han meiner at uansett kor du klattar som kunstnar så må du vite kor klattane skal sitja. Og det må klaffe, spesielt feila. Samlinga av kunstnarar på hotellet sine veggar er ein framifrå måte å presentera kunst på.

- Du når dei som søker kunst og dei som berre er på hotellbesøk. Det er få museum som kan vise til eit slikt besøk.

- Og så slepp du ha ein magister i helane når du vil sjå kunsten.

Folk likar sjølv å finne ut kva som er kunst, og det greier dei like godt som desse forstå-seg-påarane. Magistrane forstår ofte alt for mykje. I Danmark seier dei at slike folk er blitt for kloke.

Og kunstnaren frå Sunnfjord har eit spesielt forhold til danskar. Han meiner det generelt er viktig at dei unge reiser ut og ser og vinn nye inntrykk. Dei får større syn for eigne røter. Sjølv opplevde han at fjella blei mykje viktigare for han etter ei tid i København.

### BLODOMLØPET

Det er berre eit ting danskane lir under og det er den stygge talefeilen dei lir under. Nynorsken er sjølve blodomløpet for Oddvar. Det gir seg utslag i hobbyen hans.

- Nokre samlar på sommarfuglar, nei huff det greier ikkje eg. Mine terapeutiske sidesprang i musikkens verd.

For ein del år sidan la han seg ut med Michael Jackson og song Beatles på nynorsk. Norwegian Wood blir til Nynorskens skog. Ein skog du no finn midt i Førde sentrum.

- Ein kan ikkje vera biletmakar heile tida heller..., seier multikunstnaren.

EINAR SCHIBEVAAG | FOTO: JAN NORDTVEIT





## ODDVAR TORSHEIM

### Utdanning

Bergens Kunsthøgskule og Grafisk skole, København

### Innkjøpt av m a

Nasjonalgalleriet, Riksgalleriet, Bergen, Oslo og Trondheim Kunstforening, Norsk Kulturråd, Stavanger faste galleri, Bergen Bys Samlinger

### Utsmykking

Fylkessjukehuset i Ålesund  
Kaupanger barne- og ungdomskule  
Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane  
Firda Vidaregåande Skule, Sandane

### Bøker

"Syner i 70-åra"  
"Svarte kvitingar" 1987  
"Susanna frå Sunnfjord" 1991

### Musikk

"Nynorskens skog" 1992  
"Tur retur Blues" 2000



## Meir enn eit hotell



Odd Eriksen Gullaksen framføre Ludvig Eikaas sitt kjende måleri "Jeg".

Kunstinnkjøp har vore ei langsiktig satsing for eigarane av hotellet i Førde fortel, Odd Eriksen Gullaksen, som i dag er direktør for hotellet.

- Det starta i 68 og me ser veldig godt kor viktig kunsten er for gjestene våre og for oss som har arbeid her.

Det skaper liv og me registrerar at fleire vel hotellet vårt nettopp på grunn av det kunsttilbodet me kan gje.

- Kombinasjonen av det du ser, det du høyrer, det du luktar og smakar er det som skal gje den reisande ei god opplevinga.

Når hotellet no skal byggje på ei ny avdeling er kunstnaren Oddvar Torsheim med i prosessen, fortel Gullaksen.

- Me har ein stor kvit yttervegg som me ynskjer at Oddvar kan få utfolda seg på til glede og kanskje irritasjon for oss som bur her og dei som er på gjennomreise.

## DANMARKSBÅTEN

# SOMMERFERIE FRA BERGEN



Den beste starten på ferien får du med Feriebåten!

BILPAKKER til Danmark:  
fra **3400,-** t/r for 5+ bilen  
Inkludert lugar m/dusj og wc.

Finn beste pris på  
[www.FjordLine.com/lavpriskalender](http://www.FjordLine.com/lavpriskalender)



Se vår utrolige miniferiemeny på [www.FjordLine.com](http://www.FjordLine.com)



Booking 815 33 500, [www.FjordLine.com](http://www.FjordLine.com)  
E-post: [Booking@FjordLine.com](mailto:Booking@FjordLine.com)



Forbehold om trykkfeil/endinger. FL Branding

# FJORDLINE



© Fotobank: The Photos Bank. Avisa er et samarbeidsprosjekt mellom LNK og Leselagene for L.

## Også lokalavisa di er nær og kjær

Eit mjukt kinn og ein evarm klem. Som foreldre og besteforeldre er barn noko av det næraste og kjæraste vi har. På same måte ynskjer lokalavisa å vera nær og kjær for lesarane sine. I lokalavisa finn du derfor artiklar, bilde og annonsar frå nærmiljøet ditt. Vi nyttar ikkje plassen vår på privatlivet til TV-kjendisane. Derimot finn du mykje om det lokale kulturlivet, organisasjonslivet, idrettslivet og næringslivet. Vi skriv om dei små og nære hendingane, men også om dei tunge politiske sakene. Slik arbeider vi jamt og trutt for å bidra til noko positiv og konstruktivt i lokalmiljøet vårt. «Leserundersøkelsen for Lokalaviser» viser at vi så

langt har lukkast med jobben vår. Lokalavisene har svært høg tillit blant lesarane. 9 av 10 les lokalavisa heime – i ro og fred. Dette er positivt også for dei av dykk som annonserer i lokalavisa. Dess meir truverdige mediekanalet er, dess meir valuta får du for annonsekronene dine.

Vi er stolte av jobben lokalavisene gjer for nærmiljøet sitt. Vi nyttar høvet til å takka for følgjet – så langt. Snart byr vi på ein ny porsjon stoff frå kvardagen din. PS! Dersom du ikkje alt abonnerer på avisa vår, bør du ringja oss i dag. Ta også kontakt dersom du vil annonsera i eit truverdige mediekanalet: lokalavisa.

DI LOKALAVIS!

# Sunnhordland

Tlf. 53 45 00 00

[www.sunnhordland.com](http://www.sunnhordland.com)

## KOMMUNANE SIN SAMARBEIDSPARTNAR

- Me finansierer lokale løysingar

- skular
- barnehagar
- fritidstilbod
- omsorgsboligar
- sjukeheimar
- andre gode tiltak i din kommune

 **Kommunalbanken**  
- Størst i kommunal sektor

[www.kommunalbanken.no](http://www.kommunalbanken.no)  
telefon 21 50 20 00

# LNK og Fagforbundet utvidar samarbeidet



Fagforbundet ønskjer å syne ei bevisst haldning til språk, og med det for auge utvidar dei no samarbeidet sitt med LNK. Kontakten mellom dei to organisasjonane har mellom anna ført til at Fagforbundet har vore støttespelarar for barne- og ungdomsmagasina Pirion og Magasinett i tillegg til ei rekkje andre prosjekt.

- Etter kvart vart det naturleg å samle desse avtalene, og det er det me har teke konsekvensane av no, seier leiar i Fagforbundet, Jan Davidsen. Han meiner samarbeidet dei har hatt med LNK så langt har ført til at rørsle har begynt å utvikle sin eigen språkpolitikk.

## HISTORISK

Dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland, seier at det ikkje berre er det økonomiske i avtalen som er verd å glede seg over.

- Signaleffekten av dette samarbeidet er kanskje vel så viktig: Opp gjennom åra har det vore svært lite kontakt mellom fagrørsle og målrørsle. Denne avtalen er slik sett historisk.

Fagforbundet er no hovudsponsor for LNK saman med Kommunalbanken, KLP-Forsikring, Best Western Hotell Bondeheimen og Bladet Sunnhordland.

*Leiar i Fagforbundet, Jan Davidsen, dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland, medlem i a-utvalet i Fagforbundet, Mette Henriksen Aas og nestleiar i Fagforbundet, Anne Gretbe Skårdal, ser fram til eit tett og godt samarbeid. (Foto Kari-Sofie Jenssen, Fagforbundet)*

# Integrering på dagsorden

## Ryfylkemuseet på Sand i Suldal kommune arbeider aktivt med å integrere innvandrarane i bygda.

**– Eit museum er heilt verdinøytralt, og har difor eit unikt utgangspunkt for eit slikt arbeid, meiner museumsdirektør Roy Høibo.**

Gjennom heile hausten har resultatet frå utstillinga «Din myte – mi forteljing» blitt vist ved dei åtte ulike musea til Ryfylkemuseet – som har sitt hovudsete på Sand. Utstillinga synleggjer prosjektet «Islam i bedehusland», som fortel om møtet mellom folk frå Ryfylke-bygdene og innvandrarane.

- Det er klart det er vanskeleg for immigrantane å koma til eit område med sterk kristendom og bedehusrørsle. Difor ser me det som vår samfunnsoppgåve å kunne bidra til å skape forståing for dei ulike kulturane me lever i, seier Høibo.

Han peikar på at det ikkje er mange nøytrale og opne møteplasser, der våre nye landsmenn kan gi uttrykk for sin kulturbakgrunn.

- Eit museum må vere for alle, og som den nøytrale

stiftinga me er, har me eit unikt utgangspunkt for integreringsarbeid, seier han.

**- EIT MUSEUM HAR EIT ANSVAR**

I fjor fekk det tradisjonstunge museet Folkeopplysningsprisen av Voksenopplæringsforbundet, blant anna for arbeidet med å skape dialog mellom språk, kultur og religion.

- Ein blir lagt merke til når ein driv med eit slikt arbeid. Personleg meiner eg at eit museum har eit ansvar – også til det som skjer i samtida. Men skal museet vere ein katalysator i tida me lever i, må den offentlege støtta vere større enn den er no. Med meir stønad kan fleire museum ta del i det lokale integreringsansvaret, seier direktøren ved det største bygningsmuseet i Rogaland.

Han trur at ein ved å delta i arbeidet med innvandring, samstundes melder seg inn i samfunnet – noko som igjen gir ein meir meningsfull kvardag.

**- DET VIKTIGASTE ER Å BLI SETT**

Eit av integreringstiltaka ved den samfunnsmedvitne museumsdrifta, er ein internasjonal kafé som vert arrangert ein gong i månaden.

- Denne kaféen vert dreven på dugnad av innvandrarane sjølve, og har vorte veldig populær, fortset Høibo.

Alt i alt trur han integreringsarbeidet har spreidd eit kulturelt medvit – både til lokalsamfunnet og dei framandkulturelle.

- Det viktigaste er uansett at dei som kjem til landet som flyktingar og innvandrarar vert sett, og får den verdige behandlinga dei har krav på. Når ein får fortalt si historie, som gjennom «Din myte – mi forteljing», er det noko som kan ha uendeleg stor verdi.

**- MENNESKE ER LIKE I BOTNEN**

I Suldal er innvandring eit nyare fenomen. Men etter krigen i det gamle Jugoslavia, tidleg på 90-talet, kom det fleire og fleire flyktingar til kommunen. Ein del er også komne frå Somalia. Totalt er omlag 20 nasjonar representert i kommunen.

- Utlendingar som kjem til Ryfylke har veldig ulike forutsetningar. I den eine enden av skalaen har ein muslimske somaliarar, i den andre nederlendarar og tyskarar – som nesten er heilt like oss etniske nordmenn.

MAGNUS STOKKA



*Roy Høibo opplever at forskjellane på folk mange gonger kan vere store, er det likevel visse fellestrekk.*

*- Når ein jobbar med ulike folkegrupper ser ein at menneske er like i botnen. Me er alle først og fremst opptekne av dei nære relasjonane til familien. Alt i alt blir dei nære og enkle tinga det viktigaste i livet, konkluderer Høibo.*

## FAKTA OM RYFYLKEMUSEET:

- Ryfylkemuseet er det største bygningsmuseet i Rogaland, og fyller 25 år i 2006
- Museet har drift i åtte Ryfylke-kommunar: Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal, Sauda, Finnøy, Rennesøy og Kvitøy
- Hovudsetet er på Sand i Suldal
- Museet har ansvar for 55 antikvariske bygningar
- 50 000 foto og 10 000 gjenstandar er foreviga i museet, i tillegg er det 4-5000 gjenstandar i bygdemusea
- Folkemusikkarkivet for heile Rogaland er arkivert i Ryfylkemuseet
- Museet er med i dei nasjonale nettverka: Byggnettverket (der Ryfylkemuseet forøvrig er leiar), Kulturlandskapsnettverket og Nettverket for folkemusikkarkiva

# Les seg gjennom sommarjobben



Kvart vår er det stor etterspurnad frå ungdom etter sommarjobb. Det blir mindre og mindre behov for ufaglært arbeidskraft, og tilsvarende mindre arbeidsmarknad for ungdom som vil nytte feriane til å hauste arbeidsrøynsle og lommepengar fortel kommunalsjef Claus Røynesdal er prosjektansvarleg.

**I sommar har fleire ungdommar i Aurland kommune fått ein heilt spesiell sommarjobb: Dei skal vere litteraturkritikarar. Men det er ikkje ein jobb berre for lesehestar.**

TOYNI TOBEKK

For som det står i utlysingsteksten: Det viktigaste er at du vil vere med på ei reise inn i nynorsk samtidslitteratur.

Aurland kommune har såleis tatt konsekvensen av at ungdom ikkje så lett greier å skaffe seg jobb i ein pressa arbeidsmarknad. Kommunen ønskte dessutan å vidareføre kultursatsinga rundt kultur- og informasjonssenteret Kunnskapstunet. Dei har difor oppretta 12 stillingar med 2 vekers sommarjobb på folkebiblioteket i Aurland. Jobbane er for ungdom mellom 16 og 19 år.

Det ungdommen skal stelle med, er å lese og analysere litterære tekstar og publisere litteraturmeldingar på Aurland kommune sine heimesider og i andre media. Føremålet med arbeidet er at ungdommane skal kunne lære

seg å vurdere og analysere litteratur og å kunne formidle si oppleving av litteraturen. Samstundes meiner kommunen at sjølve søknads- og tilsetjingsprosessen vil lære ungdommen korleis arbeidslivet fungerer.

Ungdommane vil få ein heilt vanleg arbeidsdag med 37,5-timars veke og løn etter tariff.

Kommunen har etablert eit kunnskapstun der satsinga på bibliotek og litteratur står heilt sentralt. Kunnskapstunet er tufta på tre berejklar; skule- og folkebibliotek, IKT med Infohagen og Kunnskapstunet som ein sosial og

kulturell møteplass. Med plassering av Kunnskapstunet på Aurland barne- og ungdomsskule har vi ungdommen i fokus.

-Me vil no gå meir konkret til verks når det gjeld nytenking og utnytting av mogleheitene samlinga har med denne samlokaliseringa, fortel kommunalsjef Claus Røynesdal, som er prosjektansvarleg.

## Rasmus Løland-markeringa

Den 12. juni blei stiftinga Rasmus Lølandmarkeringa etablert. Markeringa går frå 2007, då der er hundre år sidan Løland døde, og fram til 2011. Då ville forfattaren vore 150 år.

Styret har fått slik samansetting:  
Roald Bergsaker, fylkesordførar i Rogaland, styreleiar  
Hans Sæter, ordførar i Suldal  
Morten Strand, Asker kommune  
Olaug Nilsen, forfattar  
Gunnhild Berge Stang, leiar i Noregs Ungdomslag  
Anne Elise Winterhus, avdelingsleiar Sandnes vidaregåande skole  
Einar Schibevaag, dagleg leiar i Norsk Plan as  
Vara

Fredrikke Hegnar von Ubisch, museumsdirektør Asker museum



### Odding leiar

Marny Skeie Henkel er tilsett som dagleg leiar i stiftinga og tek til 1. september. Henkel er i dag leiar av servicetorget i Odda kommune.

### Nye utrykk

Målsetjinga er at stiftinga og alle som blir involvert i prosjektet i fellesskap kan nytta arbeidet til Løland til

inspirasjon for å auka barn og unge si interesse for å lesa og skriva generelt.

Det var Løland som for alvor opna opp litteratursjangeren som rettar seg mot barn og unge, og arbeidet hans har vore ei klar inspirasjonskjelde for kjende norske og utanlandske forfattarar.

### Mange med

Desse står bak stiftinga. Asker kommune, Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), Noregs Ungdomslag, Nynorsk kultursentrum, Rogaland fylkeskommune, Ryfylke interkommunale selskap, Ryfylkemuseet, Sauda kommune, Suldal mållag, Stiftinga Magasinett, Stiftinga Pirion, Suldal kommune, Wigestrands forlag.



# Stor vilje til nynorsk

**Hå kommune er i tet når det gjeld nynorskelevar i grunnskulen.**

TOYNI TOBEKK

I følge Nynorsk faktabok 2005 har Hå kommune i Rogaland flest nynorskelevar i grunnskulen, vel og merke mellom kommunar som ikkje er nynorskkommunar. Hå kommune er ein språkleg nøytral kommune, noko som i praksis vil seie at kommunen sine tilsette står fritt til å velje kva målform dei vil nytte i verksemda.

#### NESTEN LIKT FORDELT

Tal frå i fjor syner at 158 kommunar i landet er språkleg nøytrale. Det tyder ikkje nødvendigvis at dei har valt å vere nøytrale. §5 i mållova slår fast at kommunar som ikkje har gjort vedtak om kva målform dei skal nytte, automatisk vert rekna som nøytrale.

Tala på kommunar som har vald nynorsk og bokmål er hhv. 115 og 160 (kjelde: Lovdata, 2005). Det tyder at 36,5 prosent av norske kommunar er språkleg nøytrale, 26,5 prosent nyttar nynorsk som administrasjonsspråk og 37 prosent nyttar bokmål.

#### HOVUDSAKLEG NYNORSK

- Her i Hå har me eit kommunestyrevedtak frå langt tilbake i tid som slår fast at opplæringspråket i skulane skal vere nynorsk, fortel kommunalsjef for utdanning, Ragnvald Riis. - Det gjer at alle grunnskulane i Hå har nynorsk som hovudmål. Men skulane har og sjølvstekt nokre bokmålsgrupper, i tråd med det opplæringslova legg opp til.

Men administrasjonsspråket til kom-

munen er ikkje nynorsk? Nettsidene til Hå kommune er t.d. på bokmål.

- Nei, sidan me er ein nøytral kommune kan kommunalt tilsette sjølve velje om dei vil bruke nynorsk eller bokmål. Det ser no forsåvidt ut til å fungere godt, trur Riis.

#### GODE TILBOD

Kommunalsjefen meiner skulane sjølve er med på å gjere at nynorsken har ei så pass solid forankring. Språkbevisste lærarar er eit gode han meiner elevane har nytt godt av, og også i barnehagane blir det lagt vekt på å nytte nynorsk. - Me er nøye på å ha gode nynorske læremidlar tilgjengeleg for skuleelvane våre, og då meiner me like mykje på biblioteket som i klasserommet.

Skulane og barnehagane vert og oppmoda om å nytte nynorsk i alt skriftleg arbeid utad.

#### OGSÅ PRIVATE

Ein privat ungdomsskule er under oppbygging i Hå kommune. Tryggheim ungdomsskule starta med ein klasse hausten 2005, men skal på sikt ha tre klassetrinn. Ein privat ungdomsskule er ikkje bunden av vedtaket om nynorsk som opplæringspråk, men leiar for Tryggheim ungdomsskule, Trond Arild Grødem, er klar:

- Me brukar nynorsk i administrasjonen på skulen, og dei aller, aller fleste elevane våre gjer det.

I den første klassen på ungdomsskulen er det i år 17 elevar, og av desse er det berre eitt par som har valt bokmål som hovudmål. Slik Grødem ser det, vil det vere uaktuelt å bruke anna enn nynorsk også når skulen har blitt fulltallig. - Sjølvstekt brukar me nynorsk, det er jo slik me snakkar her.



- Det viktigaste språklege poenget for Hå kommune er å halde på nynorsken i skule og barnehage, meiner kommunalsjef for skule og kultur, Ragnvald Riis. (Foto: Brit Romsbotn, Jærbladet)

## Notis

### Ny verdsrekord i Eiksundtunnelen

(NPK): 287 meter under havet. Dette er den nye verdsrekorden i djupne for vegtunnelar. Aldri har vegbyggjarar vore så djupt under havoverflata som det tunneldrivarane i Eiksundtunnelen er denne sommaren.

Den gamle rekorden på 264 meter, som tilhøyrer Hitratunnelen i Sør-Trøndelag, vart sletta denne veka. Den nye rekorden var eit faktum etter at ein var ferdig med 3.940 meter tunnel frå Steinnesstranda i Ørsta kommune, melder Statens Vegvesen.

Eiksundtunnelen, som går frå Eika under Yksenøysundet og Yksnøya og vidare under Vartdalsfjorden til Berkeshalvøya, blir 7.765 meter lang.

Tunnelen blir stadig djupare i vekene som kjem, og lågaste punktet på minus 287,32 meter vil bli nådd tidleg i haust.

Gjennomslaget i Eiksundtunnelen er venta i slutten av desember i år, avhengig av fjellkvaliteten på dei 2.300 meterane som står att.

Eiksundtunnelen skal ha 3 køyrefelt (krabbefelt) frå lågaste punktet og opp til Eika der stigninga er på 9,6 prosent. Oppstigninga mot Steinnesstranda blir slakkare (7,6 prosent) og meir oversiktleg, og blir bygd med 2 køyrefelt. (NPK)

## Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



FAGFORBUNDET



[www.fagforbundet.no](http://www.fagforbundet.no) Servicetorget: 815 00 040  
E-post: [servicetorget@fagforbundet.no](mailto:servicetorget@fagforbundet.no)

når budskapen  
skal fram

KOMMUNIKASJON

DETTE KAN ME

Redaksjonelt arbeid  
Informasjonsrådgjeving  
Grafiske løysingar  
Trykksaker  
Internettløyisingar  
Planarbeid  
Utgreiingar

DESSE ER KUNDAR

Kommunekreditt  
KLP  
Kommuneforlaget  
ABC Startsidan  
Microsoft Norge  
Haukelivegen as  
Ryfylkevegen as  
IS Fjordvegen  
  
Og ei rekkje kommunar

Norsk Plan as  
Næringsbedet i Vatlandsvåg  
4235 Hebnæs

Tlf 52 79 04 80  
post@norsk-plan.no  
www.norsk-plan.no





# Surfar på spansk bølge

**Bø Sommarland er seld til spanske Parques Reunidos, som er leiande operatør i turistbransjen i Europa. - Positivt for framtida, meiner marknadsansvarleg Vigdis Kiserud Norendal.**

MAGNUS STOKKA

Noregs største kombinerte vatn- og familiepark vart bygd på rekordfart hausten 1994 av lokale eldsjeler. Opningsommaren året etter var heile 110 000 gjester innom landemerket i Bø i Telemark. No er altså parken i hendene på den spanke parkgiganten Parques Reunidos.

- Dei har kjøpt opp 78 prosent av aksjane, men på sikt ser me ikkje vekk frå at dei kan kjøpe alt. Dei er trass alt profesjonelle i bransjen, og har god erfaring med sju andre vassparker, seier Kiserud Norendal.

#### - SAME ARBEIDSTOKK

Ho er ikkje redd for at oppkjøpet fører til at den populære familieparken misser den lokale forankringa.

- Eg trur ikkje den lokale tilknytninga vert mindre ved oppkjøpet. Arbeidsstokken vert den same som før. Eg trur heller dette er positivt og spanande for framtida, seier ein optimistisk marknadsansvarleg.

Også varaordførar Eivind Eckbo har stor tru på det spanske oppkjøpet.

- Dette betyr ytterlegare satsing, og det er ikkje overraskande at det skjer ei sentralisering også i denne bransjen. Han trur det lokale engasjementet vert halde i hevd, blant anna gjennom dei lokale småaksjonærane.

- Dessutan har kommunen aksjar i turistverksemda, legg varaordførane til.



- At me vert kjøpt opp av Parques Reunidos er positivt og spanande, meiner marknadsansvarleg Vigdis Kiserud Norendal ved Bø Sommarland.

#### AVHENGIG AV GOD INFRASTRUKUR

Det er lite som minner om det yrande folkelivet det plar vera her ein midtsommarsdag. Berre nokre einssilde sjeler hastar rundt for å gjere siste finpuss før sommargjestene kan takast imot.

- Det er ikkje berre å opna portane. Mykje må gjerast i stand før badegjestene kan koma hit. Og så er me heilt avhengige av den øvrige infrastrukturen. Det hjelper ikkje om tilbodet innafør parken er godt, viss ikkje det utanfor fungerer, fortset Kiserud Norendal.

Ho tykkjer samarbeidet med reise- og handelsnæringa er godt. Men høgskulen vert kanskje den viktigaste institusjonen for turistattraksjonen.

- Totalt har me 320 personar på lø-

ningslista, mange av desse er sesongtilsette. Då er det klart me er avhengig at mange frå lokalmiljøet stiller opp. Derfor er det gledeleg at mange studentar frå høgskulen i bygda brukar sommaren til å jobbe for oss. Fleire arbeider gjerne hos oss kvar sommar, så lenge dei studerer her.

#### - GODE NORSKE PARKAR

Nyheitsaspektet er viktig for ein park som Bø Sommarland. I år er «Jettegryta» den nye aktiviteten som skal lokka fleire til staden.

- Dei norske parkane er gode, derfor er det viktig å ha noko nytt heile tida. Men det er økonomisk umogleg å ha ein ny aktivitet kvart år, slår Kiserud

Norendal fast.


Ho minner óg om kor mykje sikkerheita har å seie, og kan meddele at dei til no ikkje har hatt eit einaste dødsfall.

- Me har ikkje hatt naturlege dødsfall eingong. Det er ganske utruleg, med tanke på at om lag 200 000 gjester vitjar oss kvar sesong.

Men sjølv om parken så godt som er spansk, vil ikkje det seie at véret automatisk vert som i landet i Sør-Europa.

- Me er heilt avhengig av véret, så no har me lagt inn bestillingen av godvér for den komande sesongen, smiler Sommarlands marknadsansvarlege.

## FAKTA



Bø kommune ligg i kulturfylket Telemark. Berre i sommarmånadane er det over ein kvart million turistar innom Bø i Telemark. Mange har Sommarland som mål, andre er på gjennomreis mellom aust og vest. I tillegg er det ikkje få som svetta seg gjennom mange fag ved høgskulen i bygda

Areal:..... 266 km<sup>2</sup>

Folketal.....5 249 i 2005

www.bo.kommune.no

Kommunestyret har 24 representantar og dei fordeler seg slik:

|                       |   |
|-----------------------|---|
| Ap.....               | 9 |
| Framstegspartiet..... | 4 |
| Høgre .....           | 2 |
| KrF.....              | 2 |
| Senterpartiet.....    | 4 |
| SV.....               | 3 |
| Venstre.....          | 1 |

Rådmann Lars-Arne Oldernes

Ordførar: Arne Storhaug (ap)

Varaordførar: Tor Johan Hynne (ap)



# Målstrid

**Høgskolen i Telemark (HiT) har fått kritikk for ikkje å oppfylle mållova. - No vert det handling, lovar dekan Arild Hovland.**

MAGNUS STOKKA

For fire år sidan tok regjeringa Bondevik til orde for ein ny giv for nynorsk målbruk i staten. Men tiltaka som vart varsla den gongen, er ikkje sette i verk. Ein av dei statlege institusjonane som har måtte erkjenne at nynorsken har mista fotfeste, er HiT.

- Det er ikkje heldig for oss at nynorskandelen ligg under det forskriftsfesta minstekravet på 25 prosent. No vil me at prosentandelen stig godt over minstegrensa, seier Hovland.

Han meiner det ikkje vert noko problem å innfri kravet til mållova, og meiner kompetansen er til stades.

- Dette handlar først og fremst om å vere medviten, for nynorsk er ikkje noko framandt på denne skulen, slår dekanen på allmennvitskaplege fag fast.

**- BURDE VORE MOTSETT FORDELING**

Telemark Mållag skreiv, etter initiativ frå mållaget i Bø, for ei stund tilbake eit brev til HiT der dei bad om at nynorsken

måtte bli teken på alvor.

- Eit av utgangspunkta som gjorde at høgskulen vart lagt til Bø, var den sterke posisjonen til nynorsk målform. Eigentleg burde vektinga mellom dei to skriftspråka vore heilt motsett av det den er no, altså 75 prosent nynorsk og 25 prosent bokmål, meiner leiar i Telemark Mållag, Ragnar Lurås.

Han trur også kunnskapen er tilstades, men at viljen har svikta.

- Det nyttar heller ikkje å skulde på nasjonale samfunnstendensar. Og ein må ikkje la kampen om studentar gå ut over nynorsken, seier Lurås.

**STUDENTANE NYTTAR BOKMÅL**

Dekan Hovland understrekar på si side at mållova berre gjeld for administrasjonen og leiinga, og at dei ikkje kan bestemme kva målform studentane skal bruke.

- Faktum er at fleirtalet av studentane nyttar bokmål, og som den moderne høgskulen me er i dag, dekkjer me ein marknad langt utover nynorsklandet.

Han kan opplyse om at to institutt vert gjort nynorsklege i sin heilskap, og håpar no at nynorsksituasjonen vert betra.

- Målrørsla og departementet har gjort oss merksame på dagens status. No gjeld det å få fleire til aktivt å nytte nynorsk, avsluttar Hovland



## Aktivt utemiljø

**I Bø er det litt over 5000 innbyggjarar - og 13 utestader med skjenkeløyve.**

- Me dreg heilt klart fordel av at det er fleire utestader, seier Heidi Røneid, som er innehavar av «Den Gode Nabo» i Bø si hovudgate.

Ho meiner at alle sommarturistane gjer at utestadene er levedyktige i vinterhalvåret.

- Det er heilt klart at alle turistane som reiser til Bø Sommarland har mykje å seie for oss. Studentane legg også igjen mykje på utestadene. Elles vil eg seie at folk flest er flinke til å ta seg ut i Bø, seier Røneid.

- Er det marknad for fleire utestader?

- Nei, no er det nok. Det er ikkje plass til ein einaste til, flirer restaurant-sjefen bak bardisken på studentutestaden i Bø.



- I Bø bar me eit aktivt utemiljø, seier innehavar av «Den Gode Nabo», Heidi Røneid.

## - Universitet vil styrke kvaliteten



Dekan Arild Hovland ved Høgskolen i Telemark vil ha nynorskandelen godt over minstekravet på 25 prosent i framtida.

**Høgskolen i Telemark (HiT) vil bli styrka som universitet, meiner dekan Arild Hovland. Men skal universitet-draumen bli realisert trengst det midlar eksternt.**

- Me klarer ikkje å bli universitet åleine. I tillegg til å skaffe rundt 10-15 millionar årleg på eiga hand, treng me om lag 20 millionar årleg frå omgivnadene, seier Hovland.

Sjølv om det vert fire doktorgrads- og åtte mastergradsutdanningar ved eit eventuelt universitet, ser Hovland også dei negative sidene.

- Marknaden er svært konkurranseutsett. Lønnsemnda og populariteten varierer, noko som kan gå ut over dei mindre fagområda. Det må me passe oss for, fordi samfunnsoppdraget tilseier at me skal ha breidde i utdanningstilbodet, seier dekanen.

Universitetet skal etter planen stå ferdig innan 2013.

# Urban landkommune slit økonomisk

**Bø i Telemark er ein av dei mest økonomisk vanskelegstilte kommunane i Telemark. Likevel er det mange som vel å flytte til bygda.**

MAGNUS STOKKA

Bø er på lista over ROBEK-kommunar, noko som vil seie at Fylkesmannen held eit ekstra auge over den økonomiske utviklinga i Telemark-kommunen.

- Det at me er på denne lista set sjølv-sagt nokre avgrensingar, og me ønskjer å bli sletta frå ROBEK så snart som råd, er den klåre talen frå varaordførar, Eivind Eckbo.

- Korleis kan kommunen konkret kome seg ut av den økonomiske knipa?

- Det skjer mykje positivt gjennom Midt-Telemark-samarbeidet. Bø, Sauherad og Nome er alle små kommunar, og det er store moglegheiter for å samarbeide. Men noko kommunesamanslåing er ikkje noko tema førebels. Det viktigaste no er å sjå på fleire samarbeidsområde.

## ALLE ALDERSGRUPPER VEKS

Dagens situasjon syner at kommunen som vart kåra til årets kulturkommune i fjor, er blant dei kommunane i Telemark med lågast inntekt per innbyggjar. Eckbo forklarar dette med at fleire av dei som kjem til staden er eldre.

- Alle aldersgrupper veks i Bø, men totalt sett er det flest over 35 år som kjem til bygda. Mange er pensjonistar. Likvel er det ikkje noko problem med så

mange eldre tilflyttarar. Me er nemleg glade for alle som kjem, seier Eckbo.

- Kvifor er det mange i den øvre aldersgruppa som vel å immigrere til Bø?

- Me har eit tett pakka sentrum, der det er kort veg til det meste. Dessutan er det relativt høge tomteprisar, noko som kan føre til at mange unge vel å kjøpe tomt andre stader.

## INTERESSANT NÆRINGS-LIV

Bø må trygt kunne seiast å vere ein urban landkommune. Med pulserande studentliv og flest skjenkestader i heile Telemark, skulle ein tru fleire vart lokka til kommunen med vel 5000 innbyggjarar.

- Me vil gjerne ha småbarnsfamiliar hit. Me har full barnehagedekning og Bø ungdomsskule skal vere ferdig utbygd til august 2006, reklamerer varaordføraren.

- Men kva med arbeidsplassar?

- Næringslivet i Bø er interessant, og eg trur det vil skje mykje framover. No nettopp har eit areal på 45 dekar vorte kjøpt opp av ein privat kjedeetablerar, fortset Eckbo.

Han er også full av lovord om kommunen sitt fyrstårn, både nærings- og kulturmessig; Bø Sommarland.

- Sommarland har utruleg mykje å seie for lokalmiljøet. Eg synest oppstarten på 90-talet seier det meste om mobiliseringskrafta blant bygdefolket. Idéen om vatnaktivitetsparken kom i november 1995, neste sommar var det full drift, skrøyter Eckbo.

## PLANAR OM UNIVERSITET

Høgskolen i Telemark, tidlegare Distriktshøgskulen, har sitt hovudsete i Bø.



Varaordførar Eivind Eckbo meiner det skjer mykje positivt gjennom Midt-Telemark-samarbeidet. Men kommunesamanslåing er førebels ikkje aktuelt.

Med om lag 110 tilsette og 1500 studentar, gir den mykje igjen til bygda.

- Høgskulen er den viktigaste institusjonen i kommunen, både i form av arbeidsplassane den gir og den økonomiske gevinsten det er å ha så mange studentar i lokalmiljøet. Dei legg trass alt ned store delar av studielåna sine i lokalsamfunnet, seier Eckbo.

Målet er at Høgskulen, som mellom anna er kjent for sine allmennvitenskap-

lege fag, skal få universitetstatus innan 2013.

- Det vil verke styrkjande både på miljøet og tilbodet at me blir universitet, spesielt forskingsdelen vil få godt utbytte av overgangen, trur Eckbo.

Krava for å få status som universitet er nemleg at ein har minst fire doktorgradsutdanningar og åtte masterstudiar.

## Fakta

### Telemarksforsking

Regionalt forskingsinstitutt som tek oppdrag lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Visjonen er å utvikle ny kunnskap på utvalte samfunnsområde og bidra til utvikling og verdiskaping på desse områda.

Oppstartåret var 1986

Arbeidsstokken er på om lag 24 medarbeidarar

Medlem av Organisasjonen for forskingsinstitutter i regionene (FOKUS)

Mottek basisbevilgningar frå Norges forskingsråd

Arbeider på fem fagområde:

- Kultur- og idrettsforskning
- Natur- og kulturbasert næringsutvikling
- Kommunnalforskning
- Helse- og velferdsforskning
- Regional utvikling, entreprenørskap og innovasjon

## Dreg nytte av kompetansetung institusjon

**Bø kommune har godt utbytte av kommunalforskinga ved Telemarksforsking- Bø.**

**- Spesielt dei økonomiske tenestene har hjulpet oss mykje, seier varaordførar Eivind Eckbo.**

MAGNUS STOKKA

Telemarksforsking, eller Hellandtunet forskings- og næringscenter som kontoradressa tilseier, tilbyr bistand til alle Telemarkkommunar i økonomiske spørsmål.



Kjetil Lie ved Telemarksforsking -Bø meiner forskingsinstituttet han arbeider på er svært verdfullt for lokalsamfunnet.

- Me har eit godt samarbeid med Bø kommune, men det er heilt klart at kommunen dreg meir nytte av samarbeidet enn oss, seier fagkoordinator ved kommunalforsking, Kjetil Lie.

Også varaordførar Eivind Eckbo er glad for samarbeidet, spesielt no som kommunen



er i eit økonomisk uføre.

- Samarbeidet med forskingsinstitusjonen har vore svært verdfullt, spesielt dei økonomiske tenestene har hatt mykje å seie for oss, seier Eckbo.

Varaordføraren er svært positiv til å ha det regionale forskingsinstituttet i sin kommune.

- Organisasjonen synleggjer Bø på ein veldig fin og positiv måte. Dei får ikkje noko driftstilskot frå kommunen, men ser ut til å klare seg godt på eiga hand, seier Eckbo.

Også Lie ser på institusjonen som svært verdfull for lokalsamfunnet.

- Me trekkjer til oss god kompetanse og har fått til eit solid kompetansemiljø. Ekstra verdfullt er det at me skaper mange arbeidsplassar. Takka vere Telemarksforsking vert det aktuelt for fleire å koma tilbake til Bø etter fullført utdanning. Dessutan er me heilt klart med på å setje staden på kartet.

## Notiser

### Fylkeskommunane satsar i utlandet

(NPK): Norske fylkeskommunar satsar i utlandet. Over 50 årsverk og 150 millionar kroner blir brukt kvart år på internasjonale prosjekt. Og alle har kontor i Brussel.

Dei siste 10 åra har det internasjonale engasjementet i regi av fylkeskommunane teke av for fullt. Særleg etter at staten overtok sjukehusa, har fylka brukt tid og pengar på internasjonal verksemd, skriv Kommunal Rapport.

Rapporten «Norske regioner som internasjonale aktørar», laget av Asplan Viak for KS, viser at fylkeskommunane brukar rundt 50 faste årsverk til internasjonalt

arbeid. I tillegg er tre-fire gonger fleire involvert på ad-hoc-basis, viser rapporten.

Det var Finnmark som var først ute med å skape ei regional rolle i norsk utanrikspolitikk, i samband med opprettinga av Barentsregionen i 1992.

Hausten 1995 vart Interreg-programma oppretta, og her er norske kommunar og fylkeskommunar med, nesten som om Noreg var EU-medlem.

Det er i Brussel fylkeskommunane etablerer kontora sine, gjerne saman med kommunar i same region eller nabofylke. Til saman er det seks slike kontor i EU-ho-

vudstaden. Europa-kontora er viktige i arbeidet med formidling av informasjon og marknadskontakt begge vegar mellom Noreg og EU-landa.

Oppdraga frå dei regionale eigarane er svært ulike. Stavangerregionens kontor jobbar mykje med kulturprosjekt, i samband med at dei blir Europeisk kulturhovudstad i 2008.

Vestlandskontoret er sterkt involvert i spørsmålet om dumping av laks og eit nytt minsteprissystem. (NPK)

## Visste du at det einaste nynorsk-hotellet i Oslo også er nyrenovert?

Alle tilsette i LNK-kommunar får sjølvstilt LNK-pris. Frå 730,- per natt og Flybussen rett til døra!



Velkommen til  
kulturhotellet  
i Oslo  
sentrum!



**Hotell Bondeheimen**

Rosenkrantzgate 8, 0159 Oslo  
Tlf: 23 21 41 00  
booking@bondeheimen.com  
www.bondeheimen.com

LNK  
I kornet  
Walden

Tradisjon – og fornying

**HOTELL BONDEHEIMEN**



Hotell Bondeheimen gir alle medlemmer av LNK og deres tilknyttede all hotellopphold i Bergen til en pris som blir svært billig.

Sid du representanter av LNK-kommunane vil du bestille.

Prisen (inkludert) er kr 450 på ukedagene og kr 540 i helge.

C. Sundtgt. 1B  
5054 Bergen  
Tlf: 55 33 59 00  
Faks 55 23 49 50  
E-post: info@bondeheimen.no


[www.bondeheimen.no](http://www.bondeheimen.no)

## www.pirion.no PIRION-kurs

Korleis bør me driva kulturformidling i barnehagen og småskulen? Pirion-kurset er eit dagskurs for alle som jobbar med små barn. For tinging eller meir informasjon: [www.pirion.no](http://www.pirion.no) eller ring 52 79 04 82.

**Les for meg! Syng for meg! Fortel for meg!**

Ole Brum,  
Ola Tveiten eller Barbie,  
kor hentar barna opp-  
levingar frå?



# –VI SKAL BLI BEST I NORGE BÅDE PÅ IT-VERKTØY OG SAMARBEID MELLOM KOMMUNENE


Arnfinn Gundersen i Suldal kommune.

Kommunene Sauda, Suldal, Hjelmeland og Strand har nå implementert fremtidens it-løsning for samarbeidende kommuner - **FRISK Kommune** - en bransjeløsning basert på programvare fra SAP.

SAP Norge og Alliance Solutions gratulerer!



# Fritjovstatua



14 000 tonn bronse blei frakta frå Tyskland i tolv delar og skulle bli Fridtjovstatua på Vangsnes i Vik kommune, ei gåve frå Keisar Willhelm den andre. Tjuefire meter med fundament er sagnfiguren Fridtjov, gáva som skulle signalisera dei sterke bindingane Willhelm hadde til Noreg. Den 31. juli 1913 var 5000 menneske samla på den veglause bygda Vangsnes for å avduka monumentet, mellom dei Kong Haakon.

- Det hadde ikkje gått å bygge ei slik statue i dag.  
- I dag går ikkje noko. Før hadde me ikkje pengar men då bygde me vegar, no fløymer me over av pengar i landet vårt men då kan me ikkje bruka dei til å byggja vegar. Grunngevingar er dei økonomiske konsekvensane, seier Tor Ulvestad (t.) og Arne Mittun.



**B**-BLAD

Returadresse:  
Vatlandsvåg - 4235 Hebnes



*"Eg skal ikkje gløyme kvelden, det var ein augustikveld,  
Vårherre heldt fest for folket i Fjaler  
prestegjeld,  
- Bergens Stift, som det heitte,  
- Ytre Sunnfjord provsti.  
Gud unne oss alle nåden når timen vår er forbi.*

Frå "Då Gud heldt fest i Fjaler" av Jakob Sande som i år ville vore 100 år

**ABC**  
**Startsida**

**Over 600.000  
unike brukarar  
kvar einaste dag!**

**Noregs einaste  
nynorske startside**

**[www.startsida.no](http://www.startsida.no)**

Kakhus. Foto: ebert Roald

TENESTEPENSJON  
ER HJARTET I KLP

Ingen kjenner oppbygginga av offentlege tenestepensjonar betre. Heilt frå starten har vi jobba for det som i dag er eit godt og moderne pensjonstilbod. Derfor veit vi mykje om korleis vi best skal ta oss av kundane, medlemmene og pensjonistane våre. KLP er den mest spesialiserte aktøren innanfor

offentleg tenestepensjon - KLP blei til for å administrere denne eine tenesta. At vi etter kvart har utvida med andre forsikringsprodukt, har vore ei naturleg utvikling. Arbeidet med å foredle tenester til beste for medlemmene og kundane våre er framleis hjertesaka vår.

[www.klp.no](http://www.klp.no)

**KLP**  
**FORSIKRING**  
For dagane som kjem